



DET · NORSKE · TEATRET

norske

BRUNO MATHSSON

møbler



KONTOR: A/S HJEMINNRØDNING

Drammensvn. 23, Oslo - Tlf. 445815, 445689

VERKSTED: MOELV

Utstilling:

KUNSTNERFORBUNDET — KJELD STUBSGATE 3 — OSLO


b159 113773

PEER GYNT

Eit dramatisk dikt i 5 akter

(31 bilete) av

HENRIK IBSEN






Henrik Ibsen

for fyrste gong på Det Norske Teatret!

*Med vyrdnad og takksemd helsar vi den
store diktaren velkomen.*



Hans Jacob Nilsen



Ragnhild Hald



Carsten Winger



A. K. Nielsen

Kva meinte Henrik Ibsen om Edvard Griegs musikk?

Sjå Hans Jacob Nilsen :

«Peer Gynt. Eit anti-romantisk verk.»



Harald Sæverud.

Komponisten ved denne «Peer Gynt»-framsyninga teiknar ein kvass og personleg profil mellom kunstnarane i dag. Ein kjem ikkje framom Harald Sæverud. Ikkje berre for den vidkjende dugleiken hans, men og for di den musikken han har skapt, tel med mellom det som gjev samtida eit andlet.

Harald Sæverud var 15 år gamal då han fekk framført det fyrste orkesterverket sitt. «Huldredans Jonsoknatt» heitte det, og titelen har vel sitt å fortelja. Serleg på morssida har ætta djupe røter i gamle bonde- og embetsslekter. Det har òg vori spelemenn i ætta lange tider før Harald Sæverud vart fødd i 1897. Ikkje underleg då at naturen var noko av det fyrste som fanga han. — Han voks opp i den bratte og konturkvasse Vestlands-naturen, der ljuset spelar med regn og sol i brå skifting. Det skulle farga tonespråket hans ofte nok. Knappt og uroleg vil sume kalle det, omskifteleg, seier andre. Og så krast det kan lyde! Men korleis ein enn kan snu og vende på det, så er det i alle fall ikkje mange komponistar som i liv og gjerning har stått norsk natur nærare.

Besøk

Excelsior SKOTØIMAGASIN

19 GRENSEN 19

ETABL. 1910

Når Sæverud skriv musikk — og det gjer han dag og natt, å dømme etter den frodige produksjonen, — nyttar han gong på gong vendingar, motiv eller heile tema som ein tykkjer han må ha teki rett ut frå folkemusikken. Men det merkelege er at han aldri nyttar så mykje som ein visestubb han har høyrte av andre. Høyrer vi slåttetonen, då har han gjort han sjølv. For han har eigna til seg folketonane innanfrå, det er liksom han har soga dei opp i seg og gjort dei til ein del av seg sjølv.

Noko anna merkeleg ved Harald Sæverud heng vel klårare saman med tidsånda. Summe kallar ho kvilelaus og jagande, endå det skulle vera vanskeleg å dømme om si eiga samtid. Ho har i alle høve eit snøggare pulsslag, som ikkje er vanskeleg å finne att hos Sæverud. Tonane hans er gjerne i framdrift, i rørsle — jamvel der stillferdig og skir naturlyrikk strøymer gjennom verka hans. Og dette set merke på meir enn ein måte. Ein slik aktiv og verksam karakter som Harald Sæverud, kan ikkje nøye seg med å lyde til naturen eller gje att naturstemning. Endå han gjerne har kjent seg drege til dei abstrakte musikkformene, og endå han støtt har dyrka orkesteret framfor songrøysta, blir han driven til å hente inspirasjon der det er mest liv — i menneskenaturen — men helst i mennesket som handlingsvesen. Tenk berre på «Kjempeviseslått» som han vigde store og små stridsmenn på heimefronten, eller høyr namna på dei tre symfoniane han slo frå seg med i krigsåra. Han kalla dei — alt etter som okkupasjonstida skreid fram: «Motstands-viljen», «Dolorosa» og «Salme» (den siste har han og kalla «Slekt-symfonien»).


Kan hende vil denne stutte introduksjonen seia noko om samanhengen når musikaren Harald Sæverud trass alt kunne kjenne seg «dregen» imot teaterstoffet nettopp i «Peer Gynt». For skal den oppgåva kunna løysast nokolunde slik som Det Norske Teatret har sett seg føre, må det bli — skulle ein tru — gjennom ein som har inspirasjonen rotfest i trongen etter å tolke det menneskelege handlingslivet og den norske naturen.

H. J. H.



Husmødre!

Husk at mel må oppbevares tørt, kjølig og luftig. Ødelegg ikke store formuer for landet ved dårlig lagring av mel!



Henrik Rytter

er eit kjent namn for alle som har gjesta Det norske Teatret gjennom åra. Sidan 1917 har teatret ført fram skodespel av han. Frå 1924-30 var han litterær rådgjevar og fast omsetjar ved teatret. Dette arbeidet heldt han seinare fram i den store Shakespeare-omsetjinga si til nynorsk, som kom ut i 1932, og fekk sterke lovord av

ei rekkje kjennarar av den engelske storskalden. Seinare har han arbeidd med Dantes storverk, Divina Commedia, som no ligg ferdig til utgjeving.

Henrik Rytter er ikkje berre ein lærd bokmann. Han har og vori ein djerv stridsmann for alt nasjonalt og heimegrodd i norsk kultur. Når det gjeld å knyte det gamle og det unge Noreg saman har han både i si dikting og sine mange essays hevda eit sterkt personleg syn på vår kulturvokster, som støtt har vori bori fram av djupt skjøn og fengjande tru på «det som norskt og Noregs er».

Om arbeidet med «Peer Gynt» har Rytter m. a. sagt: «Ibsens røyst! — Den er som det sverdet Skrepp den norrøne sogediktinga fortel om, at når det klang i hoggskiftet, kunne ein skile den klangen klårt gjennom slagbraket. Har det vori maken til diktarrøyst? Alt ligg i den røysta: den høgaste ekstase og den kaldaste hädflir; ho kan vera kjenslekløkk og varm, og ho kan fræse i skumande harm og avsky; ho kan kviskre så lint som môr til barn, og ho kan stige i profetisk velde; ho kan småsnakke i kvardagstalen, og ho kan bli varselmørk og gåtefull; ho kan vera logn som sjø i måneskin, og ho kan bruse som havet i storm!

Ibsens røyst! — den er det eg lydde og lydde etter. Og den er det folk må lyde etter òg. Er den borte — så pokker take meg! — Men lyder Ibsens røyst, uskipla av den ytre målform, ja då! — Skal tru det ikkje då skulle gje' noko å tenkje på?»

Tidsskriftet

KUNSTEN IDAG

Utgitt av Galleri Per Redaktør Per Rom

KUNSTEN IDAG blir bedre og bedre.

Første årgang av den eksklusive kunstpublikasjon avsluttet.

Man skulle forsverge at det var mulig i et lite land som vårt å gi ut et så eksklusivt og raffinert kunsttidsskrift som «Kunsten Idag», men Galleri Per presterer det kunststykke ikke alene å fortsette utgivelsen, men til og med å la publikasjonen framtre i en stadig økende utstyrmessig overdådighet.

Kai N. i Morgenposten.

2. hefte — SOMMEREN 1948 — er under trykking og utkommer i september. Det inneholder artikler om Rolf Nesch av Pola Gauguin, Indisk kunst av V. S. Swaminathan, og Pablo Picasso av Rolf Rude.

KUNSTEN IDAG kommer med fire store hefter årlig, årsabonnement kr. 35,—, enkeltheft kr. 10.—

— *Henvend Dem til Deres bokhandler* —
eller i Galleri Per, Kr. Aug.gt. 19, Oslo

URD *leses av hele familien!*

Som gave —
en god idé!

Presentkort kr. 13,— pr. år.

Eksp.: Øvre Slottsgate 21. Telefon 42 02 16



GRØNLANDSLEIRET 73

TLF. 68 47 51

Salgskontor:

BØRREHAUG & REMEN

Skippergaten 7

Tlf. 33 05 76, 33 08 64, 33 23 60

*Fornuftig vedlikehold er lønsamt,
og gjer heim og arbeidsstad fager og uneleg.*

Eg har fyrebils einesalet av den mønsterverna TO-taburetten.



Målarmeister

A. DOLVE

Lofthusveien 37, Grefsen — Telefon 37 11 15 - 37 52 55

«Peer Gynt» og teatret.

Den 24. februar 1876 er ein av dei mest minnerike dagane i norsk teaterhistorie. Då vart «Peer Gynt» spela for fyrste gong, og framsyninga fekk ei mottaking hos kritikk og publikum som det mest norske som til då hadde vori sett og høyrte på gamle Christiania Theater. Dette teatret, som med rett vart rekna for meir dansk enn norsk av Bjørnson og hans nasjonale fylking, hadde den tida svensk teatersjef. Ludvig Josephson var ein framsynt og energisk teaterleiar, som gjorde mykje for det nye, for mange altfor radikale norske drama, som no skaut fram så det duna. Han hadde og mot til å ta opp «Peer Gynt», endå dei fleste «højde på akslorna, beklagade sig nästen öfver att Ibsen hade förlagt teatern så svåra uppgifter som troligen aldrig på tiljan kunne framställas,» fortel Josephson. Den litterære rådgjevaren, Hartvig Lassen, var og i stor tvil, og meinte at heile fjerde akt og slutten av andre måtte strykast. (Bøygen, og der ikring.) Dette seier Lassen «maa udgaa i alfald saalænge til Menneskeheden om en 100 Aar er bleven saa udviklet at den kan forstaa mere af denne gaadefulde Tale.» —

Om resultatet seier den byrge teatersjefen: «Det hela blev det det måste blifva: ett i allo lyckadt och epokgörande framvisande af det i sin genre mest storartade karaktärs- och fantasispiel, som någon teater med små ressurser vågat bygga sitt hopp på.»

Til urpremieren på Christiania Theater spela Henrik Klausen Peer og Sofie Parelus Ase. Dei gjesta København noko seinare i desse rollene. — Neste gong stykket kom opp på Christiania Theater, var i 1892, men då berre i 3 akter. Då spela Johanne Dybwad Solveig og Sofie Parelus var Ase att.

I 1902 sette Bjørn Bjørnson opp «Peer Gynt» på det nyopna Nationaltheatret. Heile stykket vart då spela, men med sume strykningar. Halfdan Christensen var Peer Gynt og Julie Lampe var Ase.

Stykket gjekk både i 1904 og 1907, og i 1908 hadde stykket passert den hundrede framføringa. Dei siste gongene gjekk stykket skift på 2 kveldar og då mest heilt utan strykingar. Nationaltheatret tok opp att «Peer Gynt» i 1923 i ny innstudering ved Egil Eide med Harald Schwensen som Peer og Julie Lampe framleis som Åse. Dei to siste gongene hadde Olafr Havrevold teki over titelrolla, men då vart og berre dei tre fyrste aktene spela. Så kom «Peer Gynt» att i 1936 med Johanne Dybwad som Åse og Alfred Maurstad som Peer. I 1940, 1945 og 1946 spela Nationaltheatret og dei 3 fyrste aktene av «Peer Gynt», og i 1947 — til Johanne Dybwads 40-års jubileum — likeins dei 3 aktene. I 1937 gjesta Nationaltheatret i Paris med dei 3 fyrste aktene av «Peer Gynt» og det same i København i 1946.

Sumaren 1903 hadde Harald Otto ute ei spelferd, der Egil Eide spela titelrolla.

På Den Nationale Scene i Bergen vart heile stykket fyrste gongen spela i 1903 med David Knudsen som Peer. Seinare kom stykket opp i 1921 og då med Henrik Børseth. I 1924 gjekk dei tre fyrste aktene med Hjalmar Friis i denne rolla. I 1937 og 1939 var det Hans Jacob Nilsen og Klara Dahl som var Peer og Åse, elles har Harald Schwensen, Alf Blutecher, Børseth, Rasmussen, Andreas Bjarke og spela Peers rolle i Bergen.

Hans Jacob Nilsen har spela «Peer Gynt i Sverike som gjest ved Riksteatern og på Kungl. Operan i Stockholm.

I Trondheim vart nokre scenar av «Peer Gynt» fyrste gongen spela i 1878. Seinare har det gått 8 gonger der oppe, dels heile skodespelet og dels dei 3 fyrste aktene. På Trøndelag Teater spela Alfred Maurstad Peer i 1938 og i 1947. Dei siste 10 gongene spela Johanne Dybwad Åse.

Elles har «Peer Gynt» vori spela på scenar heile verda over, og stykket er sett om til mest alle kulturmål.

Med omsyn på den nye framsyninga viser vi til skriftet «Peer Gynt — eit antiromantisk verk». Hans Jacob Nilsen sluttar her med desse orda:



NOREGS BOKLAG

Bokhandel - Papirhandel

Bøndernes hus - Tlf. 331374, 331402

Hør Grieg sonater

Alf Sjøen og Hans Solum

spiller

Sonate for fiolin og piano G-dur op. 13

I mars måned kommer enn videre:

F-dur op. 8

på

musica

GRAMMOFONPLATER

Fåes hos landets musikkhandlere!

«Ein nærmar seg ikkje eit slikt meisterverk utan med den djupaste vurdning. Ein leitar og leitar for å finne inn til det avgjerande, finne uttrykksformer som kan få det fram på ein klår og synleg måte i den sceniske framføringa. Skulle det lykkast for eit teater å gje ei fullkommen avspesling av dette strøymande, ufatteleg rike verket, dette veldige fantasifloget, skulle vi dekkje av dei lag på lag i vår eiga sjel som dikteren borar seg inn til, då måtte vi som arbeider med det, òg vera geni. Det er vi Gud betre oss ikkje, men eg kan trygt seia så mykje at vi går til arbeidet med det alvor og den brennande interesse som ei så stor oppgåve kan gje ein.

Vi vonar tilskodarane skal gå frå «Peer Gynt»-framsyninga som frå andre Ibsenframsyningar — skaka, men styrkte i sinnet — meir klare over den makt som trolla har over oss, meir ferdige til strid imot dei.»

A.s Polyfoto TEATRETS FOTOGRAF

Stortingsgaten 18, Oslo (Casinogården) — Telefon 42 41 22

«Peer Gynt»

Eit dramatisk dikt i 5 akter (31 bilete) av *Henrik Ibsen*

Musikk av *Harald Sæverud*

Til nynorsk av *Henrik Rytter*

Regi: *Hans Jacob Nilsen*

Hjelpeinstruktør: *Ragnhild Hald*

Dekorasjonar av *Arne Walentin*


Koreografi: *Gerd Kjølås*

Drakter: Laga på systova til Det Norske Teatret
ved *Dagny Eriksen*

Masker og parykkar: *Ragnhild Moxnes*

Personane:

Åse, ei enkje	Ragnhild Hald
Peer Gynt, son hennar	Carsten Winger
Brudgomen, Mads Moen	Gunnar Simenstad
Far hans	Vilhelm Lund
Mor hans	Dagmar Myhrvold
Ei kone	Helga Rydland
Aslak smed	Helge Essmar
Kjøkemeisteren	Pehr Qværnstrøm
Solveig	Eva Sletto
Helga, syster hennar	Urda Arneberg
Far hennar	Gisle Straume



Musikk i arbeidet
er stimulerende og inspirerende.
Vi er spesialister i radio- og høytaleranlegg.



Mor hennar	Dagny Gurvin
Heggstadbonden	Amund Rydland
Ingrid, dotter hans	Ragnhild Michelsen
Bryllaupsgjester, spelemenn	
Tre sætergjenter	{ Siri Rom Asta Voss Ada Hjersing
Ei grønkledd kvinne	Lydia Opøien
Dovregubben	Ingolf Rogde
Hofftrollet	Nils Hald
Ein trollunge	Julia Back
Ein annan trollunge	Jan Pande-Rolfsen
Troll og trollungar, nissar og haugfolk	
Ei trollmøy	Ada Hjersing
Eit mæle i mørkret	Edvard Drabløs
Kari, ei husmannskone	Henny Skjønberg
Master Cotton	Harald Heide Steen
Monsieur Ballon	Asbjørn Toms Larsen
v. Eberkopf	Pehr Qværnstrøm
Trumpeterstråle	Gisle Straume
Anitra, dotter til ein beduinarhovding ...	Sossen Schjelderup
Beduinar	
Begriffenfeldt, direktør for ei dårekiste..	Alf Sommer
Ein fellah }	Øyvind Øyen
Huhu } Dårekistelemmer	Amund Rydland
Hussein }	Kåre Wicklund



Moderne kontorer og bedrifter installerer i stadig større utstrekning radio- og høyttaleranlegg. Prisoverslag og beregning gis uten forbindtlighet.

Fleire därekestelemer og
vaktarane deira

Ein norsk skipper	Vilhelm Lund	
Styrmannen	Pål Skjønberg	
Kokken	Nils Hald	
Ein framand passasjer	Bjarne Andersen	
Ein prest	Edvard Drabløs	
Ein syrgjekledd mann (Aslak smed)	Helge Essmar	
Den gråkledde (Mads Moen)	Gunnar Simenstad	
Ein lensmann	Trygve Nørve	
Ein utgamal mann	Bjarne Andersen	
Nyste	} Røyster	Elisabeth Bang
Susing i lufta		Asta Voss
Doggdropar		Siri Rom
Knekte strå		Jan Pande-Rolfen
Knappestøyparen	Lars Tvinde	
Ein mager person	Gisle Straume	
Eit likfylgje, kyrkjefolk, auksjonsfolk.		

1., 2. og 3. akt går for seg i fyrsten av førre hundreåret.
4. akt om lag 25. år seinare og 5. akt i 1860-åra.

1., 2. og 3. akt: I Gudbrandsdalen og høgfjellet derikring.
4. akt: I Nord-Afrika. 5. akt: I Noreg.

12 min. opphald etter 3. og 4. akt.

Ljosmeister: *Alf Moxnes.* Scenestyrar: *Carl Hultman.*
Maskinmeister: *Ivar Eide.*

Hoffkledd er
velkledd!



O.L.HOFF ^A/_S

T O S T R U P G A R D E N K A R L J O H A N 25

NATIONEN

Landmandspostens Dagutgave

Hovedorgan for Noregs Bondestand

Musikken til «Peer Gynt»:

Dirigent: *Kapellmeister A. K. Nielsen*
24 manns orkester.

I. akt.

Forspel: Peerludium og Fa'ens femsteg — Brureslått — Hotaren

II. akt.

Dovreslått — Gud er Gud (Salme)

III. akt.

Motiv til Solveig og den grønkleddede

IV. akt.

Forspel: Blanda selskap
(Potpurri over nasjonale melodiar etter Henrik Ibsens idé)
Framfor teltet — Anitra — I dårekista — Solveig syng

V. akt.

Heimkoma — Framand' er vi alle dagar (Salme)
Slått ved auksjonen (Tvinnan) — Solveig syng — Oske - Skodde
Velsigna du morgon (Salme) — Slutt

Tegn Deres livsforsikring i

GLITNE

Det er god livskunst.


BØNDERNES BANK A/S

OSLO — SKIEN — STAVANGER — TRONDHEIM

Alle slags bankforretninger i Norge og utlandet



Lydia Opøien



Sossen Schjelderup

as Gro

Stoffer


Drakter

Kjoler

Kåper

Rådhuspassasjen, Fr. Nansens plass 2

— Telefon 42 05 95



Vi leverer overstoppede møbler, — etter bestilling og etter mål. Håndverksmessig kvalitetsarbeide

füturum

KLINGENBERGGATEN 4 (ved siden av «Regnbuen»)

Songen hennar Solveig




*Til Norli eg går både vetter og vår
og sumaren med og det heile år.*

*Der får eg det eg vantar, det veit eg visst
og bøkene på nynorsk dei kjem ikkje sist.*

OLAF NORLIS BOKHANDEL

UNIVERSITETSGATA 24



Gerd Kjølås



Arne Walentin



Lars Tvinde



Edvard Drabløs




Alf Sommer



Pehr Qværnstrøm



Ingolf Rogde




Amund Rydland

P. HELLERUD

Jacob Aallsgate 14, Oslo - Telefon 44 40 30

Allslags byggjearbeid




Eva Sletto



Øyvind Øyen




Gisle Straume



Helge Essmar

DET NORSKE TEATRET



Forretningsfolk

og andre som vil ha prentesakene
sine på norsk, vender seg til:

JOHANSEN & NIELSEN BOKTRYKKERI

Pilestr. 45b · Telf. 46 14 93, 46 26 92 og 46 75 42

Else Ruud

Damefrisørsalong

St. Olavsgt. 23 Idrettens Hus

Smarte og raffinerte frisyre



Ragnhild Michelsen



Bjarne Andersen

Repress^A

Reklamebyrå - Tegneatelier

Fred. Olsensgt. 5. Oslo Tlf. sentralb. 33 43 94



HANS JACOB NILSEN
PEER GYNT

Eit anti-romantisk verk

Harald Sæverud: Ny musikk til Peer Gynt

Henrik Rytter: Peer Gynt på nynorsk

Carl Fredrik Engelstad i Morgenbladet:

Det viser seg ved gjennomlesningen av dette foredrag, at Hans Jacob Nilsen har atskillige gode kort på hånden, spesielt i sitt prinsipielle syn på «Peer Gynt» som idédikt.

Johan Borgen i Friheten:

Inntil videre gleder det alle virkelige elskere av Ibsens «Peer Gynt» å lese foredraget teatersjefen nylig holdt i Studentersamfundet, — Fremstillingen har en velsignet rolig og upolemisk tone.

Olav Simonnæs i Bergens Arbeiderblad:

Hans Jacob Nilsen røber her en uvanlig evne til å dykke ned i et dikterverk, analysere og forklare dets mening og karakter.

J. B. O. i Arbeidet i Bergen:

— det er en frisk, selvstendig og meget interessant måte han ser Ibsens udødelige verk på. Han er ofte overbevisende, alltid fengslende.

Pris kr. 1,60

ASCHEHOUG

Pris kr. 1,60

— Til sals i teaterfoajéen og hos alle bokhandlarar. —



Olav Thon & Co.

REPRESS

SKIPPERGT. 31 OSLO TLF. 42 28 09



Johansen & Nielsen, Oslo.